



KARANTENENEMNDA

Signe Bjotveit

Vår dato	Deres dato	Vår referanse
10.10.2025	01.10.2025	25/2793

Avgjerd i samband med overgang til stilling som rådgjevar i Finnmark fylkeskommune

Karantenenemnda syner til meldinga di 1. oktober 2025.

Nemnda har handsama saka. I handsaminga deltok nemnda sine medleamar Sylvia Brustad (leiar), Gunnar Hæreid, (nestleiar), Bernt Jørgen Stray, Steinulf Tungesvik og Ragna Aarli.

Vedtak

Det har gått meir enn seks månader sidan du fråtredde embetet som statssekretær. Du kan difor ikkje illeggjast karantene.

Karantenenemnda har kome fram til at du ikkje vert ilagd saksforbod i samband med overgangen frå embetet som statssekretær i Kunnskapsdepartementet til stilling som rådgjevar i Finnmark fylkeskommune.

Rettsleg grunnlag

Karantenenemnda gjer vedtak om saksforbod med heimel i karantenelova § 7.

Karantenenemnda kan i «særlege tilfeller» illeggje ein politiskar saksforbod i samband med overgang til stilling eller verv utanfor statsforvaltninga eller ved etablering av eiga næringsverksemd.

Saksforholdet

Du var statssekretær i Kunnskapsdepartementet i om lag fire månader. Du hadde da ansvar for saksfelte høgare utdanning, forskning, fagskular og studentpolitikk.

Du er tilsett som rådgjevar i fylkeskommunedirektørens stab i Finnmark fylkeskommune med tiltreding 20. oktober. I stillinga skal du følgje opp fylkeskommunen sine sosiale mediekkanalar, skrive og publisere sakar på fylkeskommunen sin nettside, gi

kommunikasjonsfaglege råd til fagavdelingane og elles bidra til kommunikasjonsarbeidet i organisasjonen.

Informasjonsplikta står ved lag

Avgjerda i denne saka gjeld overgangen til stilling som rådgjevar i Finnmark fylkeskommune.

Dersom du innan 18 månader etter fråtredinga frå embetet som statssekretær går over til ei anna stilling, påtar deg verv eller etablerer næringsverksemd, må dette meldast inn til Karantenenemnda, sjå karantenelova § 5. Det same gjeld dersom det i same tidsrom skjer slike endringar i stillinga som nemnt i karantenelova § 5 tredje ledd.

Sylvia Brustad (leiar)
(sign.)

Gunnar Hæreid (nestleiar)
(sign.)

Bernt Jørgen Stray
(sign.)

Steinulf Tungesvik
(sign.)

Ragna Aarli
(sign.)

Vedtaket frå Karantenenemnda er godkjend elektronisk og inneheld ikkje signatur.

Kopi:
Statsministerens kontor
Kunnskapsdepartementet
Finnmark fylkeskommune